

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Adnaråsen NR, Sokndal kommune**

Statsforvaltaren i Rogaland sendte 18. februar 2021 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Adnaråsen Naturreservat i Sokndal kommune.

Det kom i alt seks (6) merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

**Statens vegvesen** har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Forsvarsbygg** har ingen merknadar til oppstartsmelding om vern på Adnaråsen.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Språkrådet** har vurdert namneform for verneområdet og har ingen merknadar til skriveforma.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Norges vassdrags- og energidirektorat** har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Landbruksdirektoratet** ber Statsforvaltaren syte for at naudsynt omsyn til at jordbruksdrift vert teken i arbeidet med vernet gjennom forskrifta. Dei peikar særskilt på høva rundt skogsbilvegar, traktorvegar for jordbruk, seterdrift, beite og reindrift.

Statsforvaltaren peikar på at føresetnadane landbruksdirektoratet peikar til er møtt gjennom ordninga frivillig vern som landbrukssektoren er ein del av. Det er ein føresetnad at me handsamar kvar ein verneprosess med lokal tilpassing og tek tilstrekkeleg omsyn til vidareføring av eksisterande landbruksverksemd som ikkje går på tvers av føremålet med vernet. Statsforvaltaren merker seg at Landbruksdirektoratet berre kjem med generelle merknadar, avgrensa til dei avklarte føringar som allereie gjeld for ordninga generelt på nasjonalt nivå. Høyringa i den aktuelle vernesaka hadde som føremål å få konkrete innspel knytt til det faktiske området.

**Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard** har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. DMF har ingen merknadar om mineralressursar i

verneforslaget. DMF ber vidare om at kartgrunnlaget blir gjort tilgjengeleg digitalt gjennom eksisterande WMS-tenester.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering. Statsforvaltaren peikar på at DMF sin merknad ligg til oppstartsmeldinga, og at digitale kart blir gjort tilgjengeleg nå saka blir lagt ut på høyring.